



Protokoll frå styremøte i NGIR

Tid: 10.10.2016, kl 13.30 – 16.45

Stad: Kjevikdalen

Frå styret møte:

Helge Fjellanger (leiar), Ottar Skjelvik (nestleiar), Kari Torkildsen Utkilen, Martin Soltveit, Kariann Ekren (1. vara)

Frå representantskapet møte:

Liv-Anne Aanensen (repr.sk.leiar)

Frå administrasjonen møte:

Erlend Kleiveland (dagleg leiar)

Saksliste:

Sak 25/16	Godkjenning av innkalling og saksliste
Sak 26/16	Godkjenning av protokoll frå førre møte
Sak 27/16	Meldingar
	a) Diverse munnleg orientering
Sak 28/16	Investeringsbudsjett 2017
Sak 29/16	Driftsbudsjett 2017
Sak 30/16	Renovasjonsgebyr 2017
Sak 31/16	Slamgebyr 2017
Sak 32/16	Økonomiplan 2017-2020

Sak 25/16 Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Sak 26/16 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokoll frå styremøta 29.08.16 og 19.09.16 vart godkjent og signert.

Sak 27/16 Meldingar

a) Diverse munnleg orientering

Orientering frå styreseminar

Liv-Anne Aanensen orienterte frå styreseminar 22. og 23. september og la fram hovudtrekka i foredraga.

Oppslag om sosial dumping i avisa Nordhordland

Dagleg leiar gjekk gjennom oppslaget og orienterte om saka. Det var semje om at dagleg leiar skreiv eit lesarinnlegg.

Rammeløyve

NGIR har fått rammeløyve til masseuttak nord for administrasjonsbygget.

Nedgravde løysingar

Det kjem ein del større utbyggingar der det vil vera naturleg å vurderer andre løysingar enn oppsamlingseiningar på overflata. NGIR vil ha eit prøveprosjekt på nedgravde einingar som skal tømast med kranbil.

Reinseanlegg

Det har ikkje lukkast å semjast om kjøp av tilleggsareal og oreigningsprosessen har starta.

Kontrakt for transport med krokbil og liftbil

Kontrakt for transport med krokbil og liftbil er tildelt Nortrans AS

Sak 28/19 Investeringsbudsjett 2017

Dagleg leiar gjekk gjennom dei mest vesentlege postane i budsjettet.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner følgjande investeringsbudsjett:

Skildring	Sum 2017
Oppgradering av deponi	1 000 000
Truck	600 000
Sorteringsmaskin	2 300 000
Betongplate til sortering av treverk	1 500 000
Reinseanlegg sigevatn	13 000 000
Lastebil	2 000 000
Skapbil	900 000
Tomteareal	3 000 000
Konteinarar	2 500 000
Dunkar	500 000
Diverse	4 000 000
Sum	31 300 000

Styret sitt vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner følgjande investeringsbudsjett:

Skildring	Sum 2017
Oppgradering av deponi	1 000 000
Truck	600 000
Sorteringsmaskin	2 300 000
Betongplate til sortering av treverk	1 500 000
Reinseanlegg sigevatn	13 000 000
Lastebil	2 000 000
Skapbil	900 000
Tomteareal	3 000 000
Konteinarar	2 500 000
Dunkar	500 000
Diverse	4 000 000
Sum	31 300 000

Sak 29/16 Driftsbudsjett 2017

Det er budsjettert med eit overskot på kr 1 167 000, fordelt på + kr 1 693 000 på hushald, kr 0 på næring, - kr 393 000 på slam og - kr 133 000 på bilvrak. Overskot på hushaldsavfall vert sett av til utjamningsfond og underskot på

slam vert dekkja av utjamningsfond. Underskot på bilvrak vert dekkja av eigenkapitalen (tidlegare års overskot på bilvrak/næringsavfall).

NGIR har eit utjamningsfond for hushalda på kr 2 900 630 ved starten av 2016. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjamningsfondet og budsjettert bruk av utjamningsfondet for 2016, vil fondet vera om lag 1,63 millionar kroner ved utgongen av budsjettåret.

NGIR har eit utjamningsfond for slam på kr 3 021 756 ved starten av 2016. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjamningsfondet og budsjettert endring for 2016, vil fondet vera om lag 2,16 millionar kroner ved utgongen av budsjettåret.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner driftsbudsjettet for 2017.

Styret sitt vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner driftsbudsjettet for 2017.

Sak 30/16 Renovasjonsgebyr 2017

Reduksjon i gebyr frå 2016 til 2017

I økonomiplanen for 2016-2019 står det: "*Med dei føresetnader som ligg til grunn i økonomiplanen, vil renovasjonsgebyret auka 4,0 % - 4,4 % kvart år i perioden 2016-2019.*"

Kostnadsbiletet har endra seg ein god del siste året. Dette skuldast i hovudsak endringar i store kontraktar. Slik kostnadsbiletet no ser ut, bør renovasjonsgebyret setjast marginalt ned og kan deretter haldast stabilt fram til 2020. Då vil utjamningsfondet vera kr 0 ved utgongen av 2020.

Transport inn	- kr 468
Transportkostnader ut	- kr 211
Personalkostnader	+ kr 33
Ekstern handsaming av avfall	+ kr 263
Kapitalkostnader	+ kr 106
Andre kostnader	+ kr 245
Endring i gebyr	- kr 32

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande renovasjonsgebyr for hushald og hytter i 2017:

Renovasjonsgebyr 2017	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 2 624,00	kr 2 224,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 944,00	kr 2 544,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 264,00	kr 2 864,00
Hytterrenovasjon		kr 1 472,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Styret sitt vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande renovasjonsgebyr (eks mva.) for hushald og hytter i 2017:

Renovasjonsgebyr 2017	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 2 624,00	kr 2 224,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 2 944,00	kr 2 544,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 264,00	kr 2 864,00
Hytterrenovasjon		kr 1 472,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tøming / større dunk er oppgjeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Sak 31/16 Slamgebyr 2017

Ordinær tøming

I økonomiplanen for 2016-2019 går det fram at slamgebyret bør aukast med "6,3 % kvart år i åra 2017, 2018 og 2019 for at utjamningsfondet skal vera kr 0 ved utgongen av 2019".

Kostnadsbiletet har endra seg ein god del siste året. NGIR har fått ein avtale om ekstern kompostering av slammet som gjer at investeringane som var planlagt i 2016 ikkje treng gjennomførast. Dette fører til lågare kostnader enn tidlegare budsjettert.

Med dei prognosar som no ligg føre kan slamgebyret setjast litt ned og haldast stabilt fram til 2020. Då vil utjamningsfondet vera kr 0 ved utgongen av 2020.

Det er budsjettert med kr 393 000 i underskot frå slam dersom gebyret vert sett ned ca 2 %. For å finansiera dette kan ein nytta utjamningsfondet. Pris i parentes er for 2016.

Gebyr septikslam private	kr 792 (kr 808)
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 320 (kr 326)

Naudtøming*/Ekstratøming**

Nokre kundar har trong for ekstra tøming utanom ordinær slamtøming. NGIR fakturerer kunden direkte for dette. I gjennomsnitt betalar NGIR transportør kr 5816 per naudtøming og kr 2908 per ekstratøming for slamavskiljarar inntil 4,5 m³. For større einingar er prisane kr 1017 per kubikk for naudtøming og kr 508 per kubikk for ekstratøming.

NGIR bereknar her 3 % påslag for å dekkja kostnader til fakturering og administrasjon og får då følgjande gebyr for ekstratøming og naudtøming:

Ekstratøming inntil 4,5 kubikk	kr 2 995
Naudtøming inntil 4,5 kubikk	kr 5 990
Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 524
Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 1 047

*Naudtøming er tøming som må utførast på kort varsel utanom vanleg tømepplan grunna akutte uhell eller andre hendingar. Naudtøming skal utførast snarast mogeleg, og innan 24 timar etter varsel frå abonnent eller oppdragsgjevar.

**Ekstratøming er ikkje like akutt som naudtøming, og skal oppfylle følgjande kriteriar: Tøminga er utanom vanleg tømefrekvens og oppdraget skal utførast innan 14 dagar etter at oppdraget er tinga.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om følgjande gebyrsatsar eks. mva. for slam i 2017:

Gebyr septikslam private	kr 792
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 320
Ekstratøming inntil 4,5 kubikk	kr 2 995
Naudtøming inntil 4,5 kubikk	kr 5 990
Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 524
Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 1 047

Styret sitt vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande gebyrsatsar eks. mva. for slam i 2017:

Gebyr septikslam private	kr 792
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 320
Ekstratøming inntil 4,5 kubikk	kr 2 995
Naudtøming inntil 4,5 kubikk	kr 5 990
Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 524
Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 1 047

Sak 17/14 Økonomiplan 2017-2020

Med utgangspunkt i økonomiplanen for 2016-2019 er det utarbeidd ein plan over korleis økonomien ser ut til å utvikla seg. Det er sett opp driftsbudsjett, investeringsbudsjett og forventa renovasjonsgebyr for åra 2017 til 2020. Det er også sett opp sjølvkostrekneskap og forventa utvikling av utjamningsfonda.

Det er viktig å merka seg at økonomiplanen er basert på mange usikre faktorar.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner økonomiplanen for 2017-2020.

Styret sitt vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner økonomiplanen for 2017-2020.

Kjevikdalen, 10.10.2016

Helge Fjellanger
-styreleiar-

Martin Soltveit
-styremedlem-

Kari Torkildsen Utkilen
-styremedlem-

Ottar Skjelvik
-styremedlem-

Kariann Ekren
-varamedlem